

04 NOV 2015

Hordaland Fylkeskommune
Agnes Mowinckels gate 5
5008 Bergen

Bergen, 2015-10-26

Gnr 33 bnr 546, 58/92, 56/60, 53/133, 1/92, 59/23

Vår ref: 600439-01

TIL DYKK SOM ER RÅKA AV ARBEIDA MED GRUNNUNDERSØKINGAR I SAMBAND MED REGULERINGSPLANAR FOR FV 555 KOLLTVEIT - AUSTEFJORDEN

VARSEL OM GRUNNUNDERSØKINGAR FOR EIGEDOMMAR

I samband med reguleringsplanlegging av Fv 555 Kolltveit - Austefjorden, vil Asplan Viak, på vegne av Fjell og Sund kommune, gjennomføra grunnundersøkingar på Dykkar eigedom.

Syner til tidligare utsendt varslingsbrev om oppstart av planarbeid med reguleringsplan for Fv 555 Kolltveit – Austefjorden.

Arbeida vert truleg gjennomført i løpet av veke 46-50. Etter at arbeida er gjennomført kan det verta aktuelt med supplerande undersøkingar.

Førehandsundersøkingane omfattar målearbeid, grunnundersøkingar og adkomst for mannskap og nødvendig utstyr frå offentlig veg fram til aktuelle område.

Målearbeidet omfattar utsetting av pluggar / trestikker som markering av dei punkt som skal undersøkast og innmålast.

Grunnundersøkingane omfattar grunnboringar og prøvetakingar, samt evt. seismiske målingar.

Grunnboringane vert utførde med beltegåande borerigg, eventuelt håndholdt utstyr, og skal gje oss svar på kor djupt det er til fastare massar og fjell. Prøvetakingane vil fortelja oss kva slags massar som ligg i grunnen og kva slags eigenskapar massane har.

Det vert utført grunnundersøkingar langs trase vist i vedlagte kartskisser. Det må merkast at veglinja og kryssløysingar ikkje er endelig bestemt over heile strekninga.

Dersom undersøkingane har ført til skader eller ulemper på eigedommen slik at De har lidt eit økonomisk tap, kan De kreve erstatning frå kommunane etter reglane i oreigningslova § 19. Vi ber om at eventuelle erstatningskrav vert meldt skriftleg så snart som mogleg og seinast innan ein månad etter at arbeida er ferdig til:

Fjell kommune:

Fjell kommune, Postboks 184, 5342 Straume.

Mrk: Fv 555 Kolltveit – Austefjorden, Grunnundersøkingar

Sund kommune:

Sund kommune, Postboks 23, 5371 Skogsvåg

Mrk: Fv 555 Kolltveit – Austefjorden, Grunnundersøkingar

Oreigningslova § 4 gjev Fjell og Sund kommune lovheimel til å utføre grunnundersøkingar i forbindelse med planarbeidet, og kommunane kan om nødvendig fatte vedtak om at undersøkingane skal gjennomførast. Eigarne av aktuelle eigendommar må varslast på førehand før vi kan fatte vedtaket. Dette brevet er derfor eit varsel om at det kan verta utført grunnundersøkingar på Dykkar eigedom.

*«Dersom det er forhold ved deler av eigedommen kor vi ikkje bør bora. For eksempel lokale rør og ledningar, vass og grunnforhold, fundamentar, framkommelighet, etc., ber vi om å få beskjed så snart som mogleg. Dersom Dykk ikkje tillet undersøkingane, ber vi om å få beskjed så snart som mogleg. **Svar seinast innan 04.11.2015**»*

Vedkomande spørsmål om utføringa kan de ta kontakt med:

Geir Arild Slettemark, Tlf: 900 92 380

epost: geira.slettemark@asplanviak.no

Asplan Viak AS

Postboks 2304 Solheimsviken

5824 Bergen

Mrk: Fv 555 Kolltveit – Austefjorden, Grunnundersøkingar

Vedkomande spørsmål om eventuell erstatning Fjell kommune kan de ta kontakt med:

Einar Lunde, Tlf: 55 09 73 74,

epost: einar.lunde@fjell.kommune.no

Vedkomande spørsmål om eventuell erstatning Sund kommune kan de ta kontakt med:

Gerhard Inge Storebø, Tlf: 56 32 75 58,

epost: gerhard.i.storeboe@sund.kommune.no

Dersom vi ikkje høyrer frå Dykk innan fristen anser vi undersøkingane akseptert på overnevnte vilkår.

Venleg helsing

ASPLAN VIAK AS

/Sign/

Geir Arild Slettemark

Ingeniør Samferdsle og Infrastruktur

Tlf: 90092380

Mail: geira.slettemark@asplanviak.no